

# Gol – ein god stad å vera



## **Gol kommune Kulturplan 2010 - 2013**

Vedtatt av Gol kommunestyre 15.12.2009, sak 67/09

## **Forord**

Utval for kultur (UKL) vedtok i sak 1/09 å utarbeide kulturplan for Gol.

## **Mandat**

I mandatet heiter det at planen skal gi eit bilete av Gols kulturliv, aktivitetsnivå og rammevilkår, skape bevisstheit, peike på behov og utfordringar, tydeleggjera oppgåve- og ansvarsfordeling, formulere mål og foreslå tiltak. Kulturplanen må omfatte kommunal og frivillig kulturaktivitet, som

- \* Bibliotek
- \* Kulturvern
- \* Kulturformidling
- \* Kulturarenaer
- \* Kulturskule
- \* Fritid barn og ungdom
- \* Idrett
- \* Lag og organisasjonar

## **Arbeidsgruppe**

UKL nedsette ei arbeidsgruppe til å utarbeide planen. Medlemmer her har vore:

- Tom Rune Blakkestad, UKL - leiar i arbeidsgruppa
- Avdelingsleiar Liv Rosén - sekretær i arbeidsgruppa
- Kulturskulerektor Gunhild Gåsvik
- Biblioteksjef Karin Bjørge
- Fritidsleiar Kjetil Storebråten

## **Medverknad frå frivillige organisasjonar**

For å få synspunkt og konkrete innspel til planen, inviterte arbeidsgruppa til informasjons- og drøftingsmøte med organisasjonar, institusjonar og enkeltpersonar.

Forslag til plan er også sendt ut på høyring til dei same grupperingane.

# Innhald

<b>1. Innleiing</b>	<b>s. 4</b>
Kulturens eigenverdi	s. 4
Ungdomskultur	s. 4
Kulturarenaer og møteplassar	s. 4
Kultur og næring	s. 5
Kultur og helse	s. 5
<b>2. Folketalsutviklinga i Gol</b>	<b>s. 6</b>
<b>3. Visjon og overordna målsetjingar for kulturarbeid i Gol kommune</b>	<b>s. 7</b>
<b>4. Rammevilkår</b>	<b>s. 7</b>
Statlege rammevilkår	s. 7
Lokale rammevilkår	s. 8
<b>5. Fritidstilbod barn og ungdom</b>	<b>s. 9</b>
Klubb 1	s. 9
Gol ungdomsråd	s. 9
Gol musikkverkstad	s. 9
Aktivitetsområde	s. 9
Ungdommens kulturmonstring (UKM)	s. 9
Målsetjing/tiltak	s. 10
<b>6. Kulturskule</b>	<b>s. 11</b>
Status	s. 11
Tilbod	s. 11
Elevtal	s. 12
Målsetjing/tiltak	s. 13
<b>7. Bibliotek</b>	<b>s. 14</b>
Status	s. 14
Målsetjing/tiltak	s. 15
<b>8. Kulturformidling og kulturarenaer</b>	<b>s. 16</b>
Lokale	s. 16
Galleri Gol	s. 16.
Den kulturelle skulesekken (DKS)	s. 17
Den kulturelle spaserstokken	s. 17
Målsetjing/tiltak	s. 17
<b>9. Kulturvern</b>	<b>s. 18</b>
Status	s. 18
Målsetjing/tiltak	s. 18
<b>10. Idrett og friluftsliv</b>	<b>s. 19</b>
Status	s. 19
Målsetjing/tiltak	s. 19
<b>11. Det frivillige kulturlivet</b>	<b>s. 20</b>
Status	s. 20
Aktivitet	s. 20
Grupper med spesielle behov	s. 21
Målsetjing/tiltak	s. 21
<b>Vedlegg:</b>	
1. Oversikt over lag og organisasjonar	s. 22
2. Forsamlingshus/-lokale i Gol	s. 25
3. Aktuelle og relevante planar og dokument	s. 26


## 1. Innleiing

### **Kulturens eigenverdi**

Kultur er tradisjon og nyskaping. Kultur skapar identitet og engasjement og gir forankring i ei tid med store endringar. Kultur er grunnlaget for fellesskap og tilhøyrighet. Kultur skapar trivsel. Nye innbyggjarar spør like mykje etter kultur som etter andre tenester. Kva kan eg vera med på? Kva kan eg oppleve? Kor kan eg treffe folk og bli kjent? Det gir trygghet, nærheit og glede å samlast om gode møteplassar og referere til felles opplevingar.

### **Ungdomskultur**

Kultursatsing blir sett på som ein stadig viktigare ungdomsstrategi i ei tid då



sentraliseringstendensane ser ut til å vera sterkare enn på lenge. Behovet for møteplassar og forskjellige kulturtilbod og aktivitetar er stort. Attraktive arenaer for kino, teater og konsertar i alle former samt gode moglegheiter for aktivitet og kulturproduksjon er viktige element for at Gol skal vera attraktiv for ungdom. Dramalina ved Gol vidaregåande skule og Hallingdal teaterverkstad er sentrale ungdomstilbod og det må leggjast til rette for spennande arenaer for drama/teater. Det totale kulturtilbodet på Gol er også viktig for rekruttering av elevar til vidaregåande skule og folkehøgskule. Allsidige kultur- og aktivitetstilbod for aldersgruppa 13-20 år vil gjera Gol til ein meir attraktiv skulestad, og bør vera hovudsatsingsområdet i det framtidige

kulturtilbodet i Gol. Særleg viktig er det med tilbod til hybelbuarar, og å skape aktivitetar som engasjerer mange ungdommar i kreative prosessar. Slike tilbod vil styrke ein felles identitet og tilhøyrighet til staden og regionen og kanskje føre til at dei vender tilbake etter nokre år ute av bygda.

### **Kulturarenaer og møteplassar**

Det har vore store endringar i det lokale og regionale kulturlivet dei seinare åra. Stikkord her er profesjonalisering, større tilbod og auka mobilitet i høve til fritids-/kulturaktivitetar. Publikum har fått heilt andre vanar og forbrukskrav på bakgrunn av tilbodet av konsertar, teater og andre kulturarrangement. Samtidig har det skjedd ei teknologisk utvikling som har påverka krav og forventningar både hjå deltakarar, artistar og publikum. Ein moderne kulturarena skal både kunne ta imot profesjonelle utøvarar og stimulere det frivillige kulturlivet til å gjennomføre prosjekt/oppsetjingar med høge krav til kvalitet.

Å ha gode møteplassar ute og inne er sentralt i moderne tettstadutvikling. Eit reint arrangementshus som folk oppsøker berre når dei har kjøpt billett, kan ligge kvar som helst og fungerer ikkje som møtestad. For å få stort spontant besøk på bibliotek, galleri og serveringsstad, er det avgjerande at slike funksjonar ligg synlege, lett tilgjengelege og har samband til andre funksjonar.

### **Kultur og næring**

Det har dei siste åra vore langt større fokus på kva kulturnæringane betyr for økonomisk aktivitet og sysselsetjing. Ei utgreiing som Østlandsforskning har gjort viser at kulturnæringar innanfor språk og litteratur, visuell kunst, inkl. foto og reklame, kunsthåndverk, teater, dans, musikk, arkitektur og design står for omtrent 3,5% av Noregs bruttonasjonalprodukt og dei skapar verdiar for 33,6 milliardar kroner brutto kvart år. Regjeringa har m.a. lansert ei handlingsplan for kultur og næring der målet er å få meir næringsutvikling og kreative bedrifter over heile landet og å gjera lokalsamfunna meir attraktive enn i dag, spesielt for dei unge. Det er viktig at Gol legg til rette for satsing på kultur i form av betre arenaer for produksjon og formidling, også som ein arbeidsskapande næring for unge profesjonelle kulturarbeidarar i regionen.




### **Kultur og helse**

Den helsemessige gevinsten ved deltaking i kulturaktivitetar er etterkvart vel dokumentert gjennom forskning. Gode opplevingar, musikk, god arkitektur og estetiske omgjevnader gir raskare rehabilitering av sjuke. Kultur stimulerer det friske i oss og det blir stadig klarare at aktivitet, positivt samvær med andre og stimulering av heile mennesket er avgjerande for å redusere auken i utgiftene til helse og omsorg. Ved å styrke kulturlivet styrker ein det positive, som er med på å skape optimisme og engasjement i lokalsamfunnet. Nokre kommunar har vald å legge dagsenter for psykiatri til eit kultursenter. Andre brukar kulturarenaen til integrasjon og har utvikla samarbeid med kulturskule og vaksenopplæring for flyktningar, og har gode erfaringar med det. Ein moderne kulturarena kan gi plass for ein møtestad og eit mangfald av aktivitetar og opplevingar både for seniorar og for grupper med spesielle behov. Det vil vera viktig å ha eit godt samarbeid mellom kultursektoren, omsorgssektoren og Frivillighetssentralen om kultur og helse, og fokusere på at "friskliv" i like stor grad dreiar seg om god psykisk som god fysisk helse.


## 2. Folketalsutviklinga i Gol

Innbyggjartalet i Gol var per. 01.01.2009 4 516. Når folketallet blir framskrive til 2020 etter alle middels alternativ (fødselshyppigheit, dødelegheit, innflytting, utflytting) viser prognosen følgjande:



Kjelde: SSB/Kommuneplan for Gol 2008-2020 Samfunnsdelen

Kolonne 1: 2010, kolonne 2: 2015 og kolonne 3: 2020



Kjelde:SSB/ Kommuneplan for Gol 2008 – 2020 Samfunnsdelen

Serie 1: Barnehagebarn. Serie 2: Skolebarn. Serie 3: 67-79 år. Serie 4: Over 80år

Kolonne 1: 2007, kolonne 2: 2010, kolonne 3: 2015, kolonne 4: 2020.

### 3. Visjon og overordna målsetjingar for kulturarbeid i Gol

**Visjon:**

”GOL – EIN GOD STAD Å VERA”

**Overordna målsetjingar:**

(nedfelt i Kommuneplan for Gol 2008-2020)

- ▶ Kulturminne skal sikrast gjennom vern og bruk
- ▶ Gol kommune skal leggje til rette for mangfald og kvalitet i kulturtilbodet med Hallingmo som naturleg midtpunkt
- ▶ Gol kommune skal medverke til å styrkje sosialt fellesskap gjennom tilrettelegging for aktivitet i friviljuge lag og organisasjonar
- ▶ Gol kommune skal leggje til rette for fysisk aktivitet, både som førebyggjande helsearbeid, som fritidssyssele og som profilering av Gol som attraktiv bu- og reiselivskommune

### 4. Rammevilkår

**Statlege rammevilkår**

*Kulturlova (Lov 1. august 2007 om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd)*

Kulturlova fastlegg det offentleges ansvar for kulturverksemd. Føremålet med lova er å sikre eit mangfald av kulturaktivitetar over heile landet, og sikre at alle har tilgang til eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod. Lova skal gi kultursektoren tyngde og status som offentlig ansvarsområde, på lik line med andre lovpålagte oppgåver.

*Folkebibliotekloven (Lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek)*

Fastset at folkebiblioteka skal ha til oppgåve å fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og anna eigna materiale gratis til disposisjon for alle som bur i landet. Det skal vere folkebibliotekverksemd i kvar kommune, med ein fagutdanna biblioteksjef. Lova slår også fast at det skal vere eit organisert samarbeid mellom folkebiblioteket og dei kommunale skulebiblioteka.

*Opplæringslova (Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa)*

§13-6 i lova fastset at alle kommunar aleine eller i samarbeid med andre kommunar skal ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge. Det øyremerkte statlege tilskotet til musikk- og kulturskulane gjekk frå 2004 inn i rammeoverføringane til kommunen.

*Kulturminneloven (Lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner)*

Kulturminnelova vernar fyrst og fremst bestemte type kulturminne og kulturmiljø som har nasjonal verdi. Forvaltningsrolla for freda kulturminne er stort sett fordelt mellom Riksantikvaren, statlege museum og fylkeskommunen.

*Plan og bygningsloven (Lov 14. juni 1985 nr. 77 Plan og bygningslov)*

Kommunen kan etablere vern av kulturminne som ikkje er freda gjennom plan- og bygningsloven. Vern etter plan- og bygningsloven kan fyrst og fremst skje ved arealplan, t.d. ved regulering til bevaring.

*Stadnamnlova (Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn)*

Skal ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna. Lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal fastsetje stadnamn eller skrivemåten av dei, eller bruke dei i tenesta.

*Lov 15. mai 1987 nr. 21 om film og videogram*

Gjeld visning og omsetning av film og videogram i næring. Lova gir heimel for den kommunale konsesjonsordninga. Gol kommune har vedtatt egne konsesjonsvilkår for framsyning og omsetjing av film og videogram.

*Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet*

Kommunen er pålagt å ha ei plan for idrett og fysisk aktivitet som eit grunnlag for å motta spelemiddel till idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. ”Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Gol kommune 2009 – 2012” blei vedtatt i 2008.

### **Lokale rammevilkår**

Kulturektorens del av kommunebudsjettet har med unntak av eit lite oppsving i 2006 vore synkende over ei lengre periode. Tabellen nedanfor viser utviklingstrekka i Gol kommune 2004 – 2009:

År	Kommunens totale driftsbudsjett	Kulturbudsjett	%
2004	208 559	5 983	2,87
2005	222 762	6 227	2,80
2006	245 676	7 095	2,89
2007	260 837	7 030	2,70
2008	277 889	7 348	2,64
2009	297 425	7 854	2,64

(tal i 1000 kr.)

Dersom ein hadde oppretthalde same prosentdel i 2009 som i 2006, skulle kulturbudsjettet i 2009 ha vore på 8 595 mill.



## 5. Fritidstilbod barn og ungdom



### **Klubb 1**

Fritidsklubben Klubb1 er ein rusfri arena, og møteplass for uorganisert ungdom i Gol. Her kjem mange ungdommar som ikkje er medlemmer av fotballaget eller kulturskulen. Klubben er for aldersgruppa 13-18 år og er godt besøkt. I 2008 var snittbesøket pr kveld 33. Dette talet er stigande. Ungdom under 18 år etterspør mest ei foreldrefri sone med høg sosial faktor!

### **Gol ungdomsråd**

Gol ungdomsråd består i dag av 9 medlemmer. Disse er valde frå ungdomsskule (3 stk.), frå Gol vidaregåande skule (3 stk.), frå Klubb1 (2 stk) og frå Utval for kultur og levekår (1 stk.). Rådet skal engasjere seg i alle saker som berører ungdoms levekår i Gol kommune. Det har no mellom anna representantar i plangruppa for Hallingmoprosjektet. Det arrangerer konsertar, konferansar, deltek på kurs og har elles direkte kontakt med ordførar og rådmann i kommunen. Rådet deler ut 25.000 kr kvart år til ungdomsføremål.

### **Gol musikkverkstad**

Gol musikkverkstad er ein arena for musikkinteressert ungdom som spelar i band. Dei organiserer sjølve øvingar og spelejobbar. Kommunen bidreg med lokale, og backline (trommer, gitarforsterkarar, PA o.a.) Det kostar 150 kr pr halvår å nytte musikkverkstaden. Desse pengane blir brukt til innkjøp av utstyr og vedlikehald.

### **Aktivitetsområde**

Gol Rullebrettklubb består av ca 25 til 30 ungdommar. Dei organiserer sjølve aktivitetane sine, men kommunen bidreg med administrasjon og hjelp til finansiering av skateelement, konkurransar o.a. Dei har sjølve fått tilgang til ein innandørs skatehall, og har planar for å utvikla skateparken på arealet framom Gol ungdomsskule

Ved tennisbanen på Gol vidaregåande skule planlegg ungdommar å lage ein BMX/ terrengsykkelbane. Pr. i dag er fire lastebillass med subus tilkøyrt, og finansieringa og opparbeidinga av banen blir planlagt vidare med sikte på å få til eit godt anlegg for heile Hallingdal i løpet av eit par år.



### **Ungdommens Kulturmønstring**

Ungdommens Kulturmønstring (UKM) gir all ungdom i Gol høve til å delta på ei mønstring for ungdomskultur. Mønstringa har ein låg terskel for å vera med lokalt, og dei som byr på kvalitet kan koma vidare til Fylkes- og Landsmønstring. Fleire ungdommar frå Gol har vore med heile vegen og skaffa seg viktig erfaring for å vidareutvikla talentet sitt

**Målsetjing:**

Barn og ungdom i Gol skal ha eit variert fritidstilbod prega av gode møteplassar, rusfrie arenaer og meningsfulle aktivitetar

Barn og ungdom skal få ansvar og delta i demokratiske prosessar

Det skal utviklast aktivitetssanlegg som er tilpassa barn og ungdoms behov for spennande utfordringar og uorganisert fysisk aktivitet

**Tiltak:**

- Ny ungdomsklubb på Hallingmo
  - Tilrettelegge for arrangement der ungdommen sjølv deltek i planlegging og gjennomføring
  - Dialog med ungdom om kva dei ynskjer seg av nye aktivitetstilbod på klubben
  - Prøve ut nye type arrangement
  - Samarbeide med MOT (antimobbeprosjekt)
  - Marknadsføre UKM til nye sjangrar. Aktiv PR mot ungdom som driv med ikkje-sceniske aktivitetar (kunst, handverk, tekstil, mat, husflid o.a.)
  - Marknadsføre UKM på alle arenaer der ungdom ferdast
  - Administrere UKM lokalt, og følgje opp ungdom som går vidare til fylkesfinalar og landsfinalar
  - Skape gode vilkår for nye band og muskarar
  - Skaffe og vedlikehalde utstyr som ungdommen treng for å øve
  - Tilrettelegge ein billig øvingsstad der muskarane øver på egne premissar
- 
- Ungdomsrådet skal delta i arbeidsgrupper og prosjekt som arbeider med å utvikle Gol
  - Promotere ungdomsrådet overfor anna ungdom gjennom aktiv marknadsføring
  - Vera med i eit regionalt ungdomsråd og i prosessen med å få til eit Ungdommens fylkesting
  - Støtte ungdomstiltak med pengar, og føre ungdomsgruppene sak overfor administrasjon og politikarar både lokalt og regionalt.
- 
- Utvikle sandvolleyballanlegget på Hallingmo
  - Finne ein permanent stad for innandørs skating.
  - Arrangere skateevents i lag med Gol Rullebrettklubb
  - Bygge ut og utvikle ein BMX/terrensykkelbane på Hallingmo.
  - Utvikle sykkelbanen til å bli ein regional møteplass for ungdom som driv med slike aktivitetar

## 6. Kulturskule

### Status

Gol kulturskule blei starta i 1979 og har sidan hatt jamn auke i elevtalet. Kulturskulen held til på Glitrehaug. Lokala er til dels godt eigna til undervisning, men manglar noko tilrettelegging/vedlikehald/oppussing. Lokala er ikkje tilrettelagt for dans, matkultur, visuell kunst og nye tilbod ved kulturskulen. Danseundervisninga foregår på Gol samfunnshus, konferansesalen. Kulturskulen samarbeider med dei andre musikk- og kulturskulane i Hallingdal om kjøp og sal av tenester. Kulturskulen har i dag 13 lærarar på tilboda kulturførskule, visuell kunst, musikk, matkultur, scenekunst, tilbod til vaksne og sommarkulturskule.



### Tilbod:

<b>KULTURFØRSKULE</b>	<b>SOMMARKULTURSKULE</b>	<b>MUSIKK</b>
Kunstleik		Samspel
	<b>MATKULTUR</b>	Musikklære
<b>SCENEKUNST</b>		Instrumentalopplæring
Dans	<b>TILBOD TIL VAKSNE</b>	
Gutedans	Teikning	<b>VISUELL KUNST</b>
Teater	Instrumentalopplæring	Teikning/måleri/collage



**Elevtal:**

	2006	2007	2008	Vår 2009
Dans	33	49	69	75
Visuell kunst		15	9	11
Teater	24	18	14	17
Individuell musikkopplæring	77	78	80	94
Kunstleik		8		
Musikklære				3
Tilbod vaksne				8
TIL SAMAN	134	168	172	207



Målsetjing:	Tiltak:
<p>Kulturskulen skal vera eit kulturpedagogisk ressurscenter i kommunen og skal bistå og samarbeide med barnehage, skulen, det frivillige kulturlivet, næringslivet og andre aktørar</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilrettelegge bygningane for undervisning og forestillings-/konsertverksemd.</li> <li>• Investere i lysutstyr og utstyr til opplæring i visuell kunst, matkultur og musikkteknologi</li> <li>• Auke administrativ ressurs med 50%.</li> <li>• Gjere om undervisningsstillingane til også å innehalde ein utøvande del og opprette distriktmusikarstillingar. Dette skal bidra til å auke konsertverksemd i kommunen, samt hjelp til aktørar i Gol kommune ved ulike arrangement.</li> </ul>
<p>Legge til rette for eit godt kunstmiljø og stimulere kunstnarar til å etablere seg i kommunen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arrangere årlege utstillingar/konsertar/visningar og forestillingar.</li> <li>• Auke satsinga på folkemusikk/folkedans, bl.a. gjennom årlege samlingar i samarbeid med dei andre kulturskulane og spel-/dansarlaga i Hallingdal.</li> </ul>
<p>Kulturskulen skal stimulere og utvikle barn og unges kreativitet gjennom eit undervisningstilbod som omfattar eit mangfald av kulturelle uttrykk</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikle sommarkulturskule</li> <li>• Utvikle eit talentutviklingsprogram.</li> <li>• Felles pedagogisk og estetisk plattform. Utvikle lærarhefte og fagplan.</li> <li>• Utvikle ekstra tilbod til dei eldste elevane, og bl.a. innføre JuniJazz som eit årlig tilbod.</li> <li>• Auke pedagogisk ressurs med 180% for å unngå venteliste på sang, gitar og dans, og for å gi nye opplæringstilbod innan korpsinstrument, musikkteknologi, matkultur, samspel, bandtrening og tilbod til vaksne</li> <li>• 30% av barn og unge Gol kommune skal få eit kulturskuletilbod. (18% våren 2009)</li> </ul>
<p>Kulturskulen bør arbeide for å etablere eit skulekorps.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opprette ein prosjektleiarstilling ved kulturskulen.</li> <li>• Tilsetje musikk lærarar ved kulturskulen for instruksjon og leing av korps.</li> <li>• Innkjøp av nødvendig materiell, utstyr og instrument</li> <li>• Samarbeid med grunnskulen om rekruttering av korpsmedlemer</li> </ul>



## 7. Bibliotek

### Visjon:

**Ei kunnskapskjelde og ein sentral møteplass!**



### Status:

Gol bibliotek er eit kombinasjonsbibliotek og er både folkebibliotek og skulebibliotek for Gol ungdomsskule og Gol vidaregåande skule. Det er også eit utstrakt samarbeid med barnehagen og dei andre skulane i Gol.

Statistikk:	2008	2007	2006	2005	2004
Utlån	33 548	32 517	30 425	32 984	34 730
Besøk	40 000	47 000	42 000	59 050	40 000
Referansespørsmål	9 000	7 550	7 550	12 650	11 400

Samlinga inneheld om lag 43.000 einingar. Bemanninga er på til saman 3,2 årsverk. Opningstida er på 46 timar kvar veke, fordelt på 6 dagar, med laurdagsope kl. 10-14. Dagens areal er på 408 kvm, fordelt på 1. etg. (hovudsakleg utlån og kontor) og 2. etg. (magasin/matrom, garderobe). Brukargrupper er innbyggjarar i Gol, Hallingdal for øvrig, midlertidig busette (sesongarbeidarar, asylsøklarar osv.), hyttefolk, turistar. I tillegg kjem skuleelevar og tilsette ved Gol ungdomsskule og Gol vidaregåande skule.

Det er sterkt behov for bygnings- og interiørmessig opprusting etter over 20 år med slitasje og manglande vedlikehald.

Målsetjing:	Tiltak:
Biblioteket skal vidareutviklast som lærings- og informasjonsarena	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Brukaropplæring for skuleelevar og lærarar i grunnskule og vidaregåande skule</li> <li>• Dataopplæring i biblioteket (til dømes ”Seniorsurf”)</li> <li>• Meir tilpassa opningstider</li> <li>• Samarbeid med ulike utdanningsinstitusjonar, til dømes Karrieresenteret, Læringscenteret o.l.</li> <li>• Opprette heil stilling som barne- og ungdomsbibliotekar. Dette for å førebygge lese- og skrivevanskar, styrke språkutvikling og iverksetje lesestimulerande tiltak</li> </ul>
Biblioteket skal styrkast som møteplass og kulturarena	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fleire arrangement og utstillingar, nye tilbod, t. d. spel, lytteplassar der ein kan høyre musikk og lydbøker m.m., med særskilt fokus på barn og ungdom</li> <li>• Bibliotekcafé</li> <li>• Bygge ut biblioteket slik at det blir plass til samlingar og aktivitetar, og slik at det styrkar biblioteket som møteplass og kulturarena. Det er sterkt behov for bygnings- og interiørmessig opprusting etter over 20 år med slitasje og manglande vedlikehald</li> </ul>
Tilbodet av digitale formidlingstenester skal aukast	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplæring i e-tenester, sjølvbetjent utlån og bruk av bibliotekatalogen på nett</li> <li>• Biblioteket sitt trådlause nettverk må gjerast meir stabilt i heile lokalet, og dei bærbara og stasjonære PC’ane må vere oppdaterte</li> <li>• Vurdere abonnement på digitale tidsskrift</li> </ul>
Det regionale biblioteknettverket skal styrkast og utviklast	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samarbeid med ulike aktørar for å få til ulike arrangement og utstillingar, t.d. med kulturskulen, mållaget, historielaget, barnehagar, skulen eller andre bibliotek</li> <li>• Marknadsføring av at lånekortet kan brukast i alle bibliotek i Hallingdal, og nasjonalt lånekort kan brukast i heile Norge</li> <li>• Marknadsføre at materiale som ikkje finst i biblioteket kan skaffast frå andre bibliotek</li> </ul>

## 8. Kulturformidling og kulturarenaer

### Lokale



Gol har mange forsamlingshus/-lokale (sjå vedlegg 2), men har ingen moderne kulturarena som imøtekjem dagens krav og forventningar frå brukarane. Gol samfunnshus opna i 1968 og framstod då som ein samlande møteplass for kultur- og idrettslivet i Gol. Dei siste 10-20 åra har imidlertid stadig fleire kulturaktivitetar flytta ut av samfunnshuset og huset har fått fleire konkurrentar i fritidsmarknaden:

- fleire lag og organisasjonar har rusta opp eller har bygd nye eigne hus
- Gol vidaregåande skule leiger heile 3. etasje t.b.f. dans- og dramalina
- møteaktiviteten har gått kraftig ned p.g.a. desse forholda og p.g.a. gratis lokale i kommunale bygg og bruk av gratis møterom mot kjøp av servering på hotell og serveringslokale
- det er blitt færre arrangement, offentlege festar og teaterframvisningar
- fast kinodrift blei lagt ned i 1998. Sidan 2006 har kommunen hatt avtale med Bygdekinoen om filmframvisningar kvar 14. dag. Kinodrifta vil bli digitalisert innan 2011
- sambruken mellom kultur, idrett og skule fungerer for dårleg og kan lett føre til brukarkonfliktar

Etter å ha ligge nede i fleire år, tek amatørteaterverksemda i Gol til å ta seg opp att. Kulturskulen og andre aktørar har store og små oppsetjingar. Mange, ikkje minst ungdommen, gir uttrykk for at dei saknar eit godt og regelmessig kinotilbod. For at slike og andre kulturaktivitetar skal bløme og utvikle seg, er det viktig at kommunen investerer i tidsriktige og føremålstenlege lokale. Føremålstenlege lokale er ikkje berre sal og scene, like viktig er støtteareal som t.d. verkstad for produksjon av kulissar og sceneelement og lager for oppbevaring kostymer og kulissar.

### Galleri Gol

Gol kommune leiger utstillingslokale i underetasjen på Hallingdal Husflid. Lokalet blir brukt til mellom fem og åtte utstillingar årleg. Gol Kunstforening står som arrangør av fire av desse. Utstillingslokalet ligg sentralt plassert, men det er heilt klart at det vil ha ein gunstig effekt på besøket om lokalet ligg i tilknytning til andre kulturaktivitetar, og Galleri Gol må inngå som ein del av kulturtilbodet på Hallingmo når dette blir realisert.



### Den kulturelle skulesekken (DKS)

Den kulturelle skulesekken (DKS) blei introdusert som eit nasjonalt tiltak i 2001 der føremålet var å sikre eit profesjonelt kulturtilbod til alle elevar i grunnskulen. I Gol kommune samarbeider Kultur- og informasjonsavdelinga, grunnskulen og Gol barnehage om å gi eit breitt tilbod innan musikk, dans, film, scenekunst, litteratur og kulturvern til elevar og barnehagebarn. Det blir lagt vekt på å bruke lokale og regionale kulturarbeidarar som formidlarar og instruktørar for barnas eigenaktivitet.



### Den kulturelle spaserstokken

Den kulturelle spaserstokken skal gi eldre eit bedre kulturtilbod, på same måte som Den kulturelle skulesekken gjer det for elevar. Den skal bidra til å gi kunst- og kulturopplevingar til eldre menneskje på eldresenter, sjukeheimar og ulike kulturarenaer. Kultur- og informasjonsavdelinga, Omsorgsavdelinga, Helsetunets Venner og Frivillighetssentralen i Gol har starta eit samarbeid om å gi eit regelmessig kulturtilbod til eldre, og har også søkt Kultur- og kyrkjedepartementet om midlar til dette.

Målsetjing:	Tiltak:
Kultur skal brukast aktivt i sentrumsutviklinga og som omdømmebygger for Gol	<ul style="list-style-type: none"><li>• 3% av Gol kommune sitt årsbudsjett skal brukast på kultur</li><li>• Initiere minst fire kulturarrangement kvart år, enten som einarrangør eller i samarbeid med lag og organisasjonar. Ha ei større oppsetjing kvart 4. år</li><li>• Utvikle samarbeidet om og tilbodet i Den kulturelle skulesekken(DKS) med grunnskule og barnehage</li><li>• Samarbeide med Helsetunets Venner og Frivillig Sentralen om Den kulturelle spaserstokken</li><li>• Etablere kommunal kino</li><li>• Utvikle Gol sentrum med vekt på gode møteplassar ute og inne, estetikk og kunstnerisk utsmykking, spennande moderne arkitektur og ivaretaking av gamle hus og bygningsmiljø med høg verneverdi</li></ul>
Gol kommune skal bygge opp ein moderne kulturarena på Hallingmo som kan stimulere til kulturell eigenaktivitet og gi tilbod til alle om kulturopplevingar i form av utstillingar, konsertar, teater, dans, kino og litteratur	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utvikle Hallingmo med<ul style="list-style-type: none"><li>* kultur- og kinosal</li><li>* utescene</li><li>* utstillingsgalleri</li><li>* bibliotek</li><li>* kulturskule</li><li>* ungdomsklubb</li></ul></li></ul>

## 9. Kulturvern



relativt mykje etterspurt, men opplaget er utseld.

Gol kommune har lagt ned mykje ressursar i utarbeiding av gards- og ættesoge for Gol, som blei utgitt i perioden 1988-1994. Verket blei komplett med registerbindet, utgitt i 2005. "Boka om Gol" i to bind blei utgitt på 1960-talet og fører bygdehistoria fram til 1940. Desse bøkene er

I 2004 blei drifta av musea i Hallingdal slått saman og Gol kommune inngikk avtale med Hallingdal museum om drift og administrasjon av Gol bygdemuseum. Dette har bidratt til å styrke den faglege forvaltninga av museet, samtidig som Gol Museumslag framleis er ein viktig medspelar i museumsarbeidet.

Gol kommune har det overordna ansvaret for drifta av Gol bygdearkiv, medan det praktiske arbeidet blir utført på frivillig basis av Gol Historielag. Laget bemannar også bygdearkivet slik at det er oppe for publikum ein kveld i veka. Arkivet har ei rikholdig biletsamling og det blir arbeidd med digitalisering og scanning av bileta.

Målsetjing	Tiltak
Gol kommune skal profilere seg og bygge sin identitet på synleggjering av kulturminne og lokalhistorie og skal bidra til å spreie kunnskap om kulturarven vår	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utgi "Boka om Gol" av Halvard Svello i nytt opplag</li><li>• Planlegge vidareføring av Gols historie i bokform</li><li>• Formidle lokalhistorie på nettet</li><li>• Setje opp informasjonstavler om kulturminne langsmed turstigar- og vegar</li><li>• Legge til rette for at handverks- og mat-tradisjonar blir vidareført til barn og unge</li></ul>
Gol kommune skal bygge opp under det frivillige kulturvernarbeidet	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ha eit aktivt samarbeid med Gol Historielag og Gol Museumslag og gi laga tilfredsstillande økonomiske rammevilkår</li></ul>
Gol kommune vil inngå i forpliktande samarbeid med andre kommunar der dette kan styrke og auke kvaliteten på kulturvernarbeidet	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vidareføre samarbeidet med Hallingdal museum om utvikling av museumsarbeidet, og bidra til gode økonomiske rammevilkår for museet</li><li>• Inngå i regionalt samarbeid om registrering, oppbevaring og formidling av gamle bilete</li></ul>



## 10. Idrett og friluftsliv

### Status

Fysisk inaktivitet er eit veksande problem i befolkninga og å snu denne tendensen er ei av dei største utfordringane samfunnet står ovanfor i åra som kjem. Det er derfor viktig å stimulere til fysisk aktivitet og idrett, men også gi moglegheiter for avkopling, ro og rekreasjon.

Gol kommune har eigen plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Dette er styringsdokumentet for satsing på området. Det er viktig at planane for nyanlegg, rehabilitering og oppgradering av idrettsanlegga blir følgd opp, og at arenaer for leik og aktivitet i barn sine nærområde blir etablert og vedlikehaldne.

Målsetjing	Tiltak
Barn og unge skal ha tilbod om deltaking i idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i skular, SFO, barnehagar og på fritida i nærmiljøet sitt	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha fokus på nærmiljøanlegg og gode uteområde på skulane</li> <li>• Bygge kreative og moderne uteområde for barn og unge, slik at ein stimulerer til fysisk aktivitet</li> <li>• Sørge for godt vedlikehald og merking av turstigar, i samarbeid med grendalag/velforeningar og reiselivet</li> <li>• Bidra til finansiering av skiløypenettet</li> </ul>
Samarbeidet mellom kommune og idrettslaga må vidareutviklast, både gjennom samarbeid om prosjekt og gjennom drifting av idrettsanlegg	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bygge nye idrettsarenaer på Hallingmo, i samarbeid med idrett og næringsliv</li> <li>• Auke investeringstilskotet til organisasjonseigde idrettsanlegg i tråd med intensjonane i Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet</li> <li>• Gi tilskot som sikrar ein forsvarleg drift av idrettsanlegg</li> </ul>

## 11. Det frivillige kulturlivet



### Status

Verdien av frivillig innsats i samfunnet er stor, både kulturelt, sosialt, økonomisk og demokratisk. KS sin rettleiar for utvikling av lokal frivilligheitspolitikk (2006) viser slike tal for det frivillige arbeidet i Noreg:

- 54% av folket utførte frivillig arbeid (1998)
- 126 000 årsverk blir utført i frivillige organisasjonar
- Marknadsverdien av frivillig arbeid er 40 milliardar kroner

Det er svært mange frivillige organisasjonar i Gol, og aktiviteten er stor. Ein kan sjå ein tendens til at ideologiske organisasjonar er i tilbakegang, medan interesse- og aktivitetsprega organisasjonar har framgang. Kravet til profesjonalitet aukar også i organisasjonslivet, og fleire og fleire vegrar seg for å påta seg tunge og krevjande oppgåver. Blant dei organisasjonane som ikkje har eigne lokale, er det fleire som melder om behov for lagerplass, øvingslokale og gode arenaer for kulturaktivitet.

Gol kommune har utarbeidd retningslinjer for tilskot til kulturarbeid der målet er å støtte organisasjonar og tiltak/aktivitetar som sikrar breidda og mangfaldet i kulturlivet. Det er i retningslinjene lagt særleg vekt på stønad til barne- og ungdomsorganisasjonar/aktivitetar, drift av bygg/anlegg og aktivitetar/tiltak. Kommunale tilskot til kulturarbeid kan bli gitt til organisasjonar, personar og institusjonar i Gol kommune, og til regionale organisasjonar som har medlemmer i Gol.

Tilskot til frivillig kulturarbeid blir gitt i form av driftstilskot til lag og organisasjonar, tilskot til kulturarrangement/tiltak, tilskot til prosjekt og øyremerka tilskot. Ressursbruken har dei siste fem åra fordelt seg slik:

Aktivitet	2008	2007	2006	2005	2004
Sang og musikk	173.000	104.000	132.000	116.000	90.000
Idrett og friluftsliv	500.000	545.000	410.000	421.000	415.000
Barn og ungdom	103.000	118.000	109.000	105.000	85.000
Teater og dans	61.000	79.000	44.000	47.000	50.000
Andre organisasjonar	184.000	161.000	161.000	103.000	166.000
<b>Til saman:</b>	<b>1.021.000</b>	<b>1.007.000</b>	<b>856.000</b>	<b>792.000</b>	<b>806.000</b>

### Grupper med spesielle behov

Det skal presiserast at grupper som fysisk og psykisk utviklingshemma også er omfatta av planen. Ein skal likevel ha fokus på at fritidstilbodet til personar med fysiske og psykiske funksjonshemmingar bør styrkast og tilretteleggjast. Det same gjeld flyktningar og innvandrarar slik at dei lettare kan bli integrert i lokalsamfunnet. Lag og organisasjonar er viktige samarbeidspartnarar for kommunen i dette arbeidet og bør stimulerast til aktivitet og tiltak.



### Korps for barn og unge

Etter nedlegginga av skulekorps i Gol kommune er det ønskjeleg å sjå på moglegheita for å opprette eit korps for barn og unge. Eit barne- og ungdomskorps vil vera heilt avhengig av ei engasjert foreldregruppe. Kommunen kan legge til rette for opprettinga av eit barne- og ungdomskorps ved hjelp av nødvendige økonomiske tilskot og anna tilrettelegging. Korpsset kan organiserast under Gol kulturskule som vil bidra til kvalitetsfylt opplæring og sterke musikkopplevingar

Målsetjing:	Tiltak
Kommunen skal legge til rette for og stimulere til eit rikt og mangfaldig organisasjonsliv ved hjelp av økonomiske tilskot, rettleiing og informasjon	<ul style="list-style-type: none"><li>• Auke det økonomiske tilskotet til lag og organisasjonar</li><li>• Stimulere til prosjekt og tiltak for barn og unge</li><li>• Stimulere til tiltak for grupper med spesielle behov</li><li>• Bistå med informasjon og rettleiing om drift av organisasjonar</li><li>• Gi informasjon og rettleiing om søknad om tilskot, både kommunale, fylkeskommunale, statlege og private</li></ul>
Frivillige organisasjonar og kommunen skal samarbeide om eit allsidig kulturtilbod som er ope for alle	<ul style="list-style-type: none"><li>• Samarbeide med lag og organisasjonar om arrangement og prosjekt</li><li>• Bidra til å etablere eit barne- og ungdomskorps</li></ul>

## Oversikt over lag og organisasjonar.

96 lag er registrert pr. 1. mars 2009. Regionale organisasjonar med medlemmer i Gol er tatt med. Politiske organisasjonar og organisasjonar som har som si primære oppgåve å ta vare på medlemmenes yrkes- eller økonomisk interesser er ikkje tatt med i oversikta.

### **Idrett og friluftsliv:**

1. Bowlingklubben Hallingkast
2. Gol Idrettslag
3. Gol Idrettsråd
4. Gol Jeger- og fiskeforening
5. Gol Skytterlag
6. Gol Turlag
7. Hallingdal Flyklubb
8. Hallingdal Fotballklubb
9. Hallingdal Golfklubb
10. Hallingdal Karateklubb
11. Hallingdal Modellbilkubb
12. Hallingen Hestesportklubb
13. NMK avd. Gol
14. Ødegården Skytterlag

### **Barn og ungdom**

1. 4H-nemnda
2. Barn og unge i Røde Kors
3. Fossekallen 4H
4. Fredagsklubben
5. Gol Sundagsskulelag
6. Gol Ungdomslag
7. Gol Yngres
8. Granli 4H
9. Hallingdal Ungdomslag
10. Nikodemus
11. Nordstjerna 4H
12. Rotneim 4H
13. Vi er sammen-klubben
14. Åsgardane 4H



### **Sang, dans og musikk**

1. Brelett
2. Gol Janitsjarkorps
3. Gol Maxi-/minigospel
4. Gol Spel- og dansarlag
5. Hallingdal Swingklubb
6. Hallingdal Trekkspelklubb
7. Kråkesølv
8. Seniordans
9. Stjernen
10. Koret TAPAS

### **Grendalag og velforeningar**

1. Engene Vel
2. Grønlio Grendalag
3. Herad Vel
4. Heslarystadvn Vel
5. Heslaskogen Vel
6. Narvebrøten Vel
7. Nedre Tuppeskogen Vel
8. Petterbråten Vel
9. Robølevegen Vel
10. Rotneim Grendalag
11. Tuppeskogen Vel
12. Vesterhuset Vel
13. Øvre Skutuset Vel
14. Øygdane Grendalag
15. Åsgardane Grendalag

### **Livssynsorganisasjonar**

1. Gol Normisjon
2. Golreppen Kvinneforening
3. Granliene Kvinneforening
4. Herad Kvinneforening
5. Hesla Misjonsforening
6. Ødegårdene Kvinneforening
7. Åsgardane Kvinneforening
8. Frelsesarmeen

**Andre organisasjoner:**

1. Gol Bridgeklubb
2. Gol Bygdekvinnelag
3. Gol Eldrelag
4. Gol Fråhaldslag
5. Gol Hagelag
6. Gol Helselag NFF
7. Gol Historielag
8. Gol Husflidslag
9. Gol Kunstforening
10. Gol Kvinne- og familielag
11. Gol Maleklubb
12. Gol Museumslag
13. Gol Mållag
14. Gol og Hemsedal Hørselslag
15. Gol Rotary Klubb
16. Gol og Hemsedal Røde Kors
17. Gol og Hemsedal Røde Kors Hjelpekorps
18. Granliene Bygdekvinnelag
19. Hallingdal Astma- og allergiforbund
20. Hallingdal historielag
21. Hallingdal Revmatikerforbund
22. Hallingdal Tråvlag
23. Herad Bygdekvinnelag
24. Kvinners frivillige beredskapsteneste
25. LHL Gol
26. Lions club Gol Frøya
27. Lions club Gol
28. LMF
29. MA Hallingdal
30. Nedre Hallingdal Diabetesforening
31. NHF Gol
32. Norges Blindeforbund. Hallingdal lokallag
33. Rotneim Bondekvinnelag
34. Øygardane Bygdekvinnelag
35. Åsgardane Bondekvinnelag



## Forsamlingshus/-lokale i Gol

Namn	Eigar/driftsansvarleg	Stad	Byggeår
Samfunnshus/grendahus/:			
Gol samfunnshus	Gol kommune	Gol sentrum	1968
”Gamleheimen”/Tuppeskogen grendahus	Gol kommune/ Tuppeskogen Vel	Tuppeskogen	1920
Rotneim skule/Rotneim grendasal	Gol kommune/ Rotneim Grendalag	Rotneim	1924
Åsgardane skule/ Åsgardane grendasal	Gol kommune/ Åsgardane grendalag	Åsgardane	1957
Grønlio grendahus	Grønlio Grendalag	Grønlio	
Herad skule/Herad grendastugu	Gol kommune/Herad Vel	Herad	1984
Engene grendahus	Gol kommune/ Engene Vel	Engene	1930
Øygdane skule/Øygdane grendasal	Gol kommune/ Øygdane grendalag	Øygdane	1934
Øygdane Grendastugu	Laget for Øygdane Grendastugu	Øygdane	
Organisasjonseigde kulturhus/-lokale, klubbhus			
Klubbhus	Gol idrettslag	Gol sentrum	1997
Røde Kors-huset	Gol og Hemsedal Røde Kors	Gol sentrum	
Helselagsstugu	NFF Gol helselag	Gol sentrum	1955
Vonheim	Gol Ungdomslag	Gol sentrum	1910
Bibliotek, arkiv, galleri, skule, ungdomsklubb			
Gol kulturskule, konsertsal	Gol kommune	Gol sentrum	
Hallingdal folkehøgskule - Gymnastikksal m/scene	Hallingdal folkehøgskulelag	Golreppen	1959
Gol bibliotek	Gol kommune	Gol sentrum	1987
Galleri Gol	Gol kommune	Gol sentrum	
Gol bygdearkiv	Gol kommune	Gol sentrum	1989
Klubb 1	Gol kommune	Gol sentrum	1980
Andre forsamlingshus/bedehus			
Gol kyrkje		Golreppen	1881
Herad kyrkje		Herad	1934
Tingstugu	Gol kommune	Gol sentrum	1913
Breidokk-tunet	Gol kommune/Gol Eldrebo	Gol sentrum	
Gol bedehus	Normisjon	Gol sentrum	1920/-65/-85
Engene bedehus		Engene	
Frelsesarmeen	Frelsesarmeen	Gol sentrum	

## Aktuelle og relevante planar og dokument

### Statlege planar og meldingar

- St.meld. nr. 23 (2008-2009) Bibliotek: kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid
- St.meld. nr. 49 (2008-2009) Framtidas museum
- St.meld. nr. 8 (2007-2008) Kulturell skulesekk for framtida
- St.meld. nr. 39 (2006-2007) Frivillighet for alle
- St.meld. nr. 22 (2004-2005) Kultur og næring
- St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
- St.meld. nr. 39 (2002-2003) "Ej blot til Lyst" Om kunst og kultur i og i tilknytning til grunnskolen
- St.meld. nr. 48 (2002-2003) Kulturpolitikk fram mot 2014

### Fylkeskommunale dokument

- Strategiplan for Den kulturelle skulesekken
- Strategi- og handlingsplan kulturnæringer 2009-2012
- Retningslinjer for tilskot til lokale kulturhus
- SEFRAK. Register over bygningar oppført mellom 1537 og 1900
- Scenekunstplan for Buskerud

### Kommunale planar

- Kommuneplan for Gol 2008-2020 (2009)
- Gol kommune. Handlingsprogram
- Utbyggingsplan for lokale kulturbygg (1999)
- Den kulturelle skulesekken. Strategiplan for Gol kommune 2008-2011 (2008)
- Friskliv i Gol kommune (2007)
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Gol kommune (2008)
- Hallingmoprojektet. Forprosjektrapport (2007)
- Plan for psykisk helsearbeid (2007)
- Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Gol kommune 2009-2012 (2008)
- Utviklingsplan for Gol tettstad (2005)